

**MARTA OG HANS O. VIGDAL**

**LEGAT**



*Luster kommune*



# **VEDTEKTER FOR MARTA OG HANS O. VIGDAL LEGAT**

*Vedtekne av Luster kommunestyre 15. mai 1996.*

1. Legatet sin storleik er pr. 1. januar 1996 kr. 22.557,76 (kronertjuetotusenfemhundreogfemtisju 76/100).
2. Utdanningsforbundet Luster er styre for legatet.
3. Rentene av legatet, redusert med ein høveleg sum for å motverka verknaden av inflasjon, skal nyttast til å heidra personar/lag/organisasjonar som på ein særleg måte har vist omsorg/omtanke for eit medmenneske eller fleire i nærmiljøet/kommunen.
4. Heidringa skal synleggjerast ved diplom/ting eller pengesum.
5. Dei som kan koma med framlegg er:
  - Lærarar og førskulelærarar i Luster kommune (medlemar i Utdanningsforbundet Luster)
  - Elevar i grunnskule og vidaregåande skule.
  - Foreldre til elevar i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule. Framlegget skal gjevast til lærarlaget sin tillitsvalde på nærmaste arbeidsstad. Framlegget skal vera skrifteleg og bør grunngjevast. Dersom den som kjem med framlegget er under 18 år, skal framlegget drøftast med og underskrivast også av føresette.
6. Utdanningsforbundet Luster sin klubb på arbeidsstaden oversender framlegget til legatstyret med si vurdering.
7. Styret tek den endelege avgjerda om kven som skal heidrast.
8. Dersom ein ikkje har sikre kandidatar, treng ein ikkje føreta tildeling kvart år. Er det eit år det ikkje vert føreteke tildeling, kan det etter styret si avgjerd, føretakast tilsvarande større tildeling eit anna år.
9. Tildelinga skal føregå i samband med eit møte i kommunestyret, men kan og gjerast ved eit anna høgtidleg høve dersom det tykkjest lagleg.
10. Luster kommune, økonomiavdelinga, fører fondsrekneskapen og føretek utbetaling av rekningar etter tilvising av leiar i legatstyret. Etter at kommunen sin revisor har revidert rekneskapen, skal denne godkjennast av legatstyret.

# MARTA OG HANS O. VIGDAL LEGAT

Litt om opphavet og bakgrunnen for legatet.

Syskenparet Marta og Hans O. Vigdal (f. 1857 og 1855) voks opp på ein hus- manns plass i Vigdal i ein syskenflokk på 10 born. Ein kan lett tenkja seg at levemåten var knapp på ein liten husmannsplass med mange born i eit avsides, trengt og bratt dalføre for over 100 år sidan. Både Marta og Hans hadde svært gode evner og interesse for å gå på skule, men det var det berre Hans som fekk høve til å prøva seg på skulevegen. Han hadde lite å hjelpa seg med, og helsa var heller ikkje av det sterkaste slaget. Han hadde likevel stort pågangsmot og kom til slutt fram til ein god lærarskuleeksamen.

Ei stund var han så sjuk at lækjarane trudde det var ute med han for godt. Men det trudde ikkje Hans. Han studerte i fagbøker og prøvde seg fram med ymse naturmedisin. Litt etter kvart friskna han til og vart så lærar ymse stader i landet. Han var lærar i Årdal og på Sørlandet, men mest var han knytt til skulane i Luster.

Her var han òg kjend som fjellmannen og fjellklatraren. Mest kjend er ein tur han gjorde heilt åleine til Store Skagastølstind. VIGDALSSVAET ber namn etter han den dag i dag.

I 1880- 90 åra gjorde Hans Vigdal eit stort arbeid med oppbygginga av skulestellet, folkeskule og framhaldsskule, i Luster kommune. Men så kom sjukdommen att, og Hans døydde 14. mars 1903 berre 48 år gammal. Han vart gravlagd på Dale kyrkjegard.

Marta Vigdal har reist seg eit varig minnesmerke med forteljinga ” Då eg gjekk for presten”. Denne forteljinga er å finna i den gamle Austlid si lesebok for folkeskulen og er også medteken i Kåre Øvregard si skulesoge for Luster.

Det er ikkje til fånyttas å leita fram og lesa denne forteljinga.

Fleire år før Hans døydde tala han og systera ofte om kor vanskeleg det kunne vera for born og unge frå heimar med små kår å skaffa seg kunnskapar og utdanning. Dei trong ikkje reisa lenger enn til sine eigne opplevingar for å verta kjend med slike tilhøve.

Etter fattige evne - men med STORT HJARTELAG - sette dei av ein sum av sparepengane sine i 1888. Desse pengane skulle stå urørde i banken i 100 år. Deretter skulle rentene nyttast til det beste for nokon som hadde bruk for ei hjelpande hand. 21/12-1902 var summen 168,91 kr. I 1919 sette Marta inn 500 kr. på same kontoen slik at summen på den tida var komen opp i godt og vel 820 kr. Det var kommunestyret som fekk denne gåva og skulle styra med det etter dei vedtektene som fylgde med. Men banken brann i 1919 og vedtekter og opplysningar vart borte. Alt dette kom for ein dag no då Kåre Øvregard leita i gamle protokollar i samband med arbeidet med skulesoga. Det var skrive om det i ein formannskapsprotokoll frå denne tida.

Utdanningsforbundet Luster tok på førespurnad frå kommunen på seg oppgåva med å laga vedtekter for legatet og elles styra med det. Det er no gjort, og vedtektene er godkjende av kommunestyret. Vi har meint at det ville vera i samsvar med viljen til Marta og Hans Vigdal om dette legatet kunne få ein omsorgsfunksjon på ein eller annan måte. Vi har då sett det slik at det kan få ein slik verknad ved at ein brukar rentene til å heidra den/dei som har gjort ein fin innsats, litt meir enn vanleg, i høve til sine medmenneske.

Vi har også tenkt på den oppsedande verknaden det kan ha ved at ein her kan få høve til å samtala med den oppveksande generasjonen om gode ting som nokon har gjort. Det vert så alt for ofte høve til å snakka om det motsette. Opplysningane som her er gjevne om Marta og Hans O. Vigdal, er henta frå Kåre Øvregard si saksutgreiing til kommunestyret. Skulle nokon som les dette ha opplysningar å tilføra om desse personane, vil vi vera takksame for det. Så vonar vi berre at vi med dette kan få høve til å heidra dei rette personane.